



Austevoll kommune

Barne- og familiedepartementet
Postboks 8036 Dep

0030 OSLO

330.00

200404169

— 122

Vår ref.
04/00036-006/SKUJS

Arkivkode.
430 A1

Dykkar ref.

Dato.
06.01.05

UTTALE VEDKOMANDE FORSLAG TIL NY BARNEHAGELOV

Høyringsnotatet om ny barnehagelov har vore til handsaming i styringsgruppa for kommunale og private barnehagar i Austevoll Kommune. Gruppa valde tre personar til å formulera ein samla uttale frå gruppa. Dette var styrar i Sol-li barnehage, Ann-Elen Drivenes, styrar i Rabbagasten barnehage, Ragnhild Algrøy, og pedagogisk konsulent Janfrid Strømme.

Kommentar til Barnehageleva kapittel V: Personalet

1. Tittelen styrar på dagleg leiar av barnehagane bør førast vidare.
2. For å styrkja og sikra høg kvalitet på arbeidet i barnehagane er det viktig at alle tilsette har god og relevant fagleg utdanning.
3. Det bør difor framleis vera eit krav at styrar skal ha utdanning som førskulelærer. (Vi støttar Alternativ B i forslag til lovtekst § 18, leing.)
4. Det bør også vera eit krav at pedagogiske leiarar skal ha utdanning som førskulelærer, evt. annan pedagogisk høgskuleutdanning med vidareutdanning i barnehagepedagogikk.
5. Det bør framleis vera høve til å gje dispensasjonar i høve til kravet om utdanning som førskulelærer, men dette bør berre nyttast i svært liten grad, i særlege tilfelle der det over tid er umogleg å skaffa kvalifisert personale. Det bør ikkje gjevast varig dispensasjon.
6. Det bør ved utlysing av nye stillingar vera eit krav at assistentar har utdanning som barne- og ungdomsarbeidarar eller tilsvarande relevant fagutdanning.
7. Norma for pedagogisk bemanning må førast vidare. Tettleiken på pedagogane bør aukast, t.d. slik at det vert ein førskulelærer per 10-14 barn som er til stades samstundes, uavhengig av alder. (Vi støttar alternativ B i § 19, anna personale i barnehagen.)
8. Ein må ikkje fjerna arealnormene for kor mange barn ein kan ha per m². Normene bør heller aukast.


Utvida kommentar:

Dersom kravet om førskulelærerutdanning vert fjerna, er vi redd det vil føra til ei underminering av kor viktig det er å ha kvalifiserte medarbeidarar til å ta seg av barna den viktigaste tida i livet deira. Barnehagen skal framleis vera ei pedagogisk tilrettelagt verksemd og då trengst det utdanna førskulelærarar.

Vi er redde for at politikarane vil bruke dette argumentet for å spare pengar for kommunen, ved å godta ukvalifisert og billegare personale.

Fjerning av norma for kor mange barn vi skal tillate per førskulelærer, er også ein farleg veg å gå. Sjølv om arbeidsgruppa sin intensjon med å fjerne minimumskravet, er å kunne tilsetje fleire førskulelærarar, vil fjerning av norma av økonomiske årsaker kunne nyttast til det motsette.


Barnehagen er ingen oppbevaringsplass. Dersom det blir for mange barn per person, vil det forringe kvaliteten på den tida kvart barn får i barnehagen. Dette kan sjåast på som ein vri for å få plass til flest mogleg barn inn i barnehagen, utan tanke for at personalet skal få sjanse til å kunne ta seg av kvart einskild barn.

På vegne av styrarane i alle barnehagane i Austevoll Kommune

Janfrid Strømme
pedagogisk konsulent/nestleiar



Ragnhild Algrøy
Styrar Rabbagasten barnehage



Ann-Elen Drivenes
Sol-li barnehage